

Prosjektbeskrivelse

Me ynskjer å få til eit tilbod for ungdom, særskilt mtp unge med innvandrarbakgrunn. 13 – 19 år

Målsetting:

Aktivisering, introduksjon til friluftslivaktivitetar, naturforvaltning, grunnleggande friluftliv ferdigheter, gjere den einskilde rusta til å være aktiv ute på eige hand. Oppnå nærleik til naturen, naturkjennskap avlar naturvennskap. Gjennom dette arbeidet vil me bidra til nye bekjentskap, identitetsbygging, integrering, meningsfull kvardag, betre folkehelse, skape friluftslivambassadører som kan være med å lære opp andre.

Innhald:

Grunnleggande friluftlivopplæring etter mal ferskingkurs (DNT), fiske og forvaltning Voss jeger og fiske) Hjelp til gjennomføring frå Nye Voss vidaregåande skule, elevar v villmarkslinja og i samarbeid flytningetensta i Voss kommune.

Aktivitetar: kart og kompass, naturforvaltning (allemannsretten / naturmangfoldlova), mat på bål / ute, fiske – matauk og forvaltning , turar, båt, kano, kajakk, kle og utstyr på tur.

Fiske, mat ute som fisk på ulike måtar, stølslappar og syltetøy av sjølvplukka bær.

Tynningsfiske med garn av rett maskestorleik basert på prøvafisket for nokre år sidan. Bruk av vikingleikar og norske uteleikar for born, ungdom. Lett integreringstur i Sendedalen med prøving av ulike fiskereidskapar , lavvo , hestekløv , evt ridehest.

Organisering:

1 dag pr månad i perioden juni til oktober, alternativt fordelt på ettermiddagar.

Gjennomføring med personar frå villmarkslinja og hestelinja ved Voss nye vidaregåande skule, voss jeger og fiske, og Voss Utferdslag Dette partane hjelper oss med kurshaldarar, elevar som tek del i instruksjon, rettleing i grunnleggande friluftsliv, kano,kajakk, matlaging,transport, fiskeforvaltning. Kursdeltakarar vert med vidare som resurspersonar ut frå sine kunnskapar og interesser. Villmarkslinja bidreg med kanoar , evt kajakkar. Alle partar bidreg med fagpersonar på sine ulike område . Fagpersonar med røynsle og utdanning i temaet. Kursa vil vera opne for alle interesserte.

Vidareføring av prosjektet:

Fyrste året 2017 er utprøving av aktivitetar med evaluering – evalueringa dannar grunnlaget for vidareføring.

Me kan dela våre røynsler med andre lag, organisasjonar og kommunar gjennom kurs , kåseri og praktiske aktivitetar.

